



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Norec
Fjellvegen 9
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

26/01760 - 7

24.06.2026

Statsbudsjettet 2026 – Norec - supplerande tildelingsbrev nr. 2

Vi viser til tildelingsbrev og supplerande tildelingsbrev til Norec for 2026. Dette brevet inneheld endringar i tildelingane til Norec som følgjer av revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2026, jf. Stortinget vedtak 19. juni, og eitt nytt oppdrag.

1. Tildeling av midlar

Det blir gjort følgjande endringar i tildelinga til Norec for 2026:

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	-2 900
	70	Uttekslingsordningar, <i>kan overførast</i>	-10 000
Sum			

2. Særskilte oppdrag i 2026

Oppdrag 3/2026: Rekruttering til The European Centre of Excellence for Countering Hybrid Threats i Helsinki

Bakgrunn for oppdraget:

Hybridsenteret i Helsinki er eit uavhengig, internasjonalt forsknings- og kompetansesenter oppretta av EU og NATO i 2017. Senteret sitt formål er å betre medlemslanda si evne til å førebygge og motstå hybride truslar. I lys av den sikkerheitspolitiske konteksten, har senteret fått stadig større relevans i politikktviklinga på hybridfeltet i europeiske land. Det er difor ønskeleg å sekondere ein norsk ressurs til senteret.

Beskriving av oppdraget:

Norec skal bistå Utenriksdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet i rekrutteringa av ein person som kan sekonderast til ei stilling ved The European Centre of Excellence for Countering Hybrid Threats (hybridsenteret) i Helsinki.

Postadresse:
Postboks 8114 Dep
0032 Oslo

Kontoradresse:
7. juni plass 1
0251 Oslo

Telefon:
23 95 00 00
Org. nr.:
972417920

Utenriksrådets kontor

post@mfa.no

www.regjeringen.no/ud

Norec skal utforme stillingsannonse, lyse ut stillinga i relevante kanalar, velje ut relevante kandidatar, gjennomføre intervju i samarbeid med UD (og ev. FD og/eller JD) og tilrå innstilling. UD blir konsultert gjennom heile prosessen, ved behov òg JD og FD. Norec skal òg bidra med relevante førebuingar for den som blir sekondert.

Frist og rapportering:

Norec skal gjennomføre rekrutteringsprosessen i tråd med tidslinja som er avtalt med UD. Tidspunkt for tiltreding blir avtalt med hybridsenteret. Norec skal rapportere på oppdraget i tertialrapport og årsrapport.

3. Rapportering

Tildelingane skal nyttast i samsvar med gjeldande retningslinjer for økonomiforvaltning, og det skal rapporterast på tildelte midlar og oppdrag i tråd med krava til rapportering som er omtalt i det ordinære tildelingsbrevet for 2026.

4. Oppdatert oversikt over tildelte midlar

Under følger ei oppdatert oversikt over tildelte midlar i 2026 for Norec.

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	81 106
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	11 092
	70	Utvekslingsordningar, <i>kan overførast</i>	145 445
	71	Rekruttering til internasjonale organisasjonar, <i>kan overførast</i>	70 850
159		Regionløyvingar	
	70	<i>Midtausten, kan overførast</i>	3 975
170		Sivilt samfunn	
	70	Sivilt samfunn, <i>kan overførast</i>	8 000
Sum			320 468
1482		Internasjonale klima- og utviklingstiltak	
	01	Driftsutgifter	800
Sum			321 268

Med venleg helsing

Kjersti Ertresvaag Andersen
assisterande utanriksråd

Siri Edelsteen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og treng difor ikkje fysisk signatur.

Kopi: Riksrevisjonen